

Til Meland Formannskap

25.11.2014

Uttale vedkommande til budsjett 2015

FAU og SU ved Grasdal skule har gjennomgått forslag til budsjett for Grasdal skule 2015. Vi er klar over at Meland kommune er i ein pressa økonomisk situasjon og at politikarane har vanskelege prioriteringar. Vi finn det likevel naudsynt å trekke fram tre område vi er uroa over i dette forslaget.

1. Grasdal skule har eit stort behov for betre læremidlar. Mykje av det ein brukar i dag har i lengre tid vore modent for utskifting. Vi ber om at det vert sett av midlar som kan gje ellevane betre læremidlar og lærarar betre arbeidsverktøy for å gje ellevane ei god fagleg utvikling.
2. FAU og SU er uroa over at det ikkje er satt av midlar til spesialpedagogiske tiltak kan koma i løpet av skuleåret. Midlane som no er avsett dekkjer berre dei behova som er kjent i dag. FAU og SU ber om at det vert avsett ein felles pott for Melandskulane for tiltak som det vil verta behov for i skuleåret.
3. Grasdal skule har ikkje hatt nok tilgang på symjeopplæring grunna skulen sine ekstra skyssutgifter til basseng. Undersøkingar viser at fleire elevar ved skulen ikkje har gode nok symjeferdigheiter. Vi ber om at det vert prioritert midlar til skyss som gjer at elevane ved Grasdal skule får same tilgang på symjeundervisning som andre skular som ikkje har eiga basseng.

Helsing

FAU- Grasdal skule/v Leiar Bjørn Gripsgård Knudsen

SU- Grasdal skule/v Leiar Merete Lillefosse